

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voll

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gard:

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Heimelsmann: Lars Skeide, 79 år, gardbrukar, Måndalen.

SVAR

1.

Både ard og plog er brukte her i bygda.

2.

Arden blir brukt no og. Han vart ikkje brukt til å arda åkeren med føre såinga. Heller ikkje vart han brukt til å mylda ned kornet med. Til det arbeidet brukte dei grev når dei ikkje brukte harv. Dei hakka det ned, brukte dei å seia.

3.

Arden blir no brukt til å laga forer med når ein skal setja poteter, eller så kålrotfrø og turnipfrø på drill. Han blir og brukt til å hyppa med (poteter og rotfrukter). Ard og hyppeplog er det same. Såkalla hestehakke blir brukt jansides med ard.

4.

Ard av typene som er synte på fig. 1-3, kjenner ein ikkje her i bygda, dvs. ikkje akkurat desse typene. Men ein brukte ard som likna den på fig. 3.

5.

Skjaker av typen fig 4 er ikkje brukt her, det nokon kan minnast.

6.

Det er namn på dei ymse delane på arden. Det er t.d. ard-ås, skjere, veltefjøl. Draget som hesten stod inni, kallar dei drette.

7.

Ard-skjera var stort sett av same type. Ein kjenner ikkje til at ymse gardar hadde eit sett ardar med ymse breidd på skjera.

8.

Arden har veltefjølær, så han kan gjera breiare forer, arbeida betre.

9.

Namnet ard har ikkje vore brukt om noko slag type av harv.

10

Ei slik regulering for djupna som er synt på fig. 3 c, kjenner ein ikkje til her.

11.

Ard-type som synt på fig. 7 har vore brukt her, men med noko rettare ard-ås. Dei er berre brukte til opp-arding for poteter og rotfrukter og til hypping. Uttalen av ordet ard er ar, med tjukk l. Dei har ikkje brukt ristill på arden her i bygda, det nokon veit om no. Veltefjølene var til vanleg ikkje til å stilla. Dei eldste var av tre, skodd med jarn framme, seinare av jarn heilt igjennom.

12.

Ardane vart laga enten heime på garden eller av bygdesmeden. Dei vart aldri kjøpte frå fabrikk eller bruk.

13.

No blir det brukt berre moderne fabrikkplogar her i bygda. Dei første fabrikkplogane vart tekne i bruk rundt 1908. Dei gamle plogane vart for det meste laga av bygdesmedar. Summe vart og kjøpte andre stader frå. Prisen på dei var så ymse, frå 20 til 40 kroner var ikkje uvanleg.

14.

Ingen kan hugsa at plog av typen fig. 8 var brukt her. Plog med flat veltefjøl er det ikkje fråsegn om. Og grind på plogen er framandt her. I gamal tid var veltefjøla av tre - her som andre stader. Men det er sikkert svært lenge sidan. Dei byrja tidleg å sko med jarn. Og skjeret var heilt av jarn, seier gamlekarane.

15

Det er ikkje nokon her som veit å seia av at plogkaren hadde med øks på åkeren til å reinska molda av veltefjøla med. Heller ikkje spade.

16.

Det mest vanlege var å velta plogen til den sida den veltefjøla var. Men det vart og brukt å velta plogen på andre sida når ein køyrde tilbake.

17.

Det var vanleg å festa ein kloss på åsen for å lyfta ploegen frå jorda når ein køyrde tilbake. Noko sers namn på den har eg ikkje høyrte.

~~RÅXSTØRKEVGNAR~~

18.

Sume gardar hadde både høgrehands- og venstrehandsplog. Men det var dei færraste. Hadde ein begge sortane, kunne ein køyra - pløya - meir som ein ville. Serleg der lendet halla noko, så ein måtte køyra unna bakke støtt når ein pløgde, var det praktisk å få pløya ein gong frå kvar side.

19.

Djupna på fora som ein pløgde med dei gamle plogane, var rundt 15 cm. Ein regulerte djupna med ein sleiphæl fremst på åsen.

20.

Det var sjeldan eller aldri ristill på dei gamle plogane.

21.

Her har ikkje vore i bruk nokon slik plog med berre ristill, som er vist på fig. 10. Iallfall er det ingen nolevande som veit av det.

22.

Ingen her veit av nokon serskilå slede eller nokor anna innretning til å køyra ploegen til og frå åkeren på. Var det eit stykke å fara før ein kom på åkeren, la dei ploegen på vogn eller slede. Var det berre stutt til åkeren, drog hesten ploegen etter marka eller vegen.

23.

Slike plogar som synt på fig. 12, har ikkje vore brukte her det nokon no kan høyrte. Men dei kan nok ha vore i bruk for det. I det heile har dei her teke lite vare på gamal gardsambod. Det vart liggjande under ufs-dropen til det morkna, eller det vart sundslege og brukt til turrkvende(å tenna opp i omnen med).

Plogtypene var og er to slag: voll-plog og åker-plog. For det første var det berre åkerplog, sjølv sagt. Dei braut opp jorda med spade og hakke. ~~XØYXDETXXØKNTX~~

Sidan pløgde dei med åkerplog. Namna på dei ymse delane på ploegen var: Ard-ås, veltefjøl, restill, sleiphæl, handtak eller skaft, taje (dvs. det ein batt saman ploegen og drettet med. Det var ein stutt grovsmidd kjetting - som no. Men far min fortalde at då han var liten, brukte dei bjørke-vidjer til taje. Når bestefar skulle på åkeren og pløya, tok han støtt med seg vidje-knipet, som han la i vata i ei trebytte. Rauk så taje, var det å ta ei ny vidje eller to og binda saman att. Så gjekk det ei ri. Men så svært lenge var det ikkje før han laut umaka seg bort i bytta att. Eg vil poengtera at vi her i bygda ikkje seier plogås, ard-ås, som alt nemnt før, men med stum d - ar. Derimot seier vi al med tjukk l når vi meiner ~~XXXXXX~~ arden. Altså: ein al, og den alen(hankjønn).